V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F273	Knut Øyjordet	15.03.18	12/18

SØKNAD OM UTBETRING AV TRAKTORVEG TIL HYTTE VED STUTTGONGEN – NICOLAY BANG

Saksdokument:
E-post frå Statskog av 17.01.18 med vedlegg.

Saksutgreiing:
Nicolay Bang har søkt Statskog om å få utbetre tilkomsten til hytteanlegget (Gammelsetra) nord for Stuttgongen. Han har nyleg overtatt hytteanlegget og har planar om større vedlikehaldsarbeid av bygningane, som er tenkt gjennomført over ei treårs-periode med oppstart sommaren 2018. Derfor er det behov for utbetring av den eksisterande traktorvegen for tilkomst med materialar og arbeidsfolk. Han søkjer derfor om ei utbetring til ein standard som er eigna for ein 4x4/SUV. Statskog ber om uttale frå fjellstyret og allmenningsstyret. Statskog ber også om at det blir vurdert kva for bruk av vegen som kan tillatast utover behovet i samband med renovering av bygningsmassen.

Vurdering:
Statskog og fjellstyret har i mange år hatt ein streng praksis i søknader om bygging av vegar/oppgradering av vegar til fritidshytter. Spesielt har det vore strengt ang. nyanlegg. Det har vore noko lempelegare for oppgradering/vedlikehald av eksisterande ”dråg” for større byggjeprosjekt på hyttefeste, men dette er avhengig av lengde på aktuell strekning, graden av ”bilveg” frå før, terrengforhold, nærleik til vassdrag osv.

Innstilling til vedtak:
I søknaden frå Nicolay Bang om å utbetre tilkomsten til ”Gammelsetra” nord for Stuttgongen så er ikkje fjellstyret negativ til at det blir gjeve eit løyve. Dette med bakgrunn i behandling av liknande saker, fordi det eksisterer ein traktorveg der i dag og at han har planar om ei vesentleg renovering av bygningar på hyttefestet. Fjellstyret meiner at graden av utbetring må bli bestemt ved ei synfaring, og ikkje bli meir omfattande enn at det blir farbart med ein traktor med hengjar og/eller med ein ”høgføtt” firehjulstrekkar, og at traseen berre kan nyttast av eit slikt kjøretøy i byggjeperioden. Fjellstyret meiner difor det ikkje må bli opna for ein permanent bilveg til hyttefestet.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Statskog

Vågåmo, 15.03.17

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no